

Tips oss på telefon 56 34 30 30 eller vakttelefon 97 15 10 20 - E-post: redaksjonen@strilen.no - www.strilen.no

GODT SAGT:

Sterkt øl gjer store ord.
Ordspråk

NAMNEDAG

Torsdag 4. juli: Ulrik, Ulla
Fredag 5. juli: Mirjam,
Mina, Michelle

VËR OG VIND

Torsdag: Sørleg bris, liten kuling på kysten. Enkelte regnbyer, men også litt sol. Regn om kvelden.
Fredag: Sørvestleg bris. Nokre regnbyer. Uendra temperatur.

STINA I STØÆ

Fedjingane kasta kledda for å få opp ubåten. No må dei ikkje fara slik åt at dei står utan alt.



Festivalhelg på Sletta

Konsert, fagseminar og gatekunst, er berre noko av det ein kan få med seg under Vestnorsk utvandringsenter sin årlege festival i helga.

Av Gunn Berit Wiik Berg
gunn.berit@strilen.no

Festivalen opnar friskt fredag med konsert i Emigrantkyrkja. Utøvarane er ingen ringare enn Mari Kvien Brunvoll og Stein Urheim som serverer bluesinspirerte låtar med innslag av jazz, folk og pop. Dei to sleppte tidlegare i år plata «Daydream Twin», oppføljar til den kritikarroste «Stein & Mari's Daydream Community». Kvien Brunvoll reknast som eit unikt vokaltalent, og vart i år nominert til Spelemannsprisen. Både Brunvoll og Urheim har mottatte Vossajazzprisen, og har spelt på mange festivalar i lag – sit på Nattjazz i Bergen. Som oppvarming blir det eit gjenhør med Åse Britt Reme Jacobsen og hennar countryrepertoar.

Prisvinnar til fagseminaret

Laurdag blir det fagseminar med migrasjon som tema. Førdragshaldar er den norskamerikanske historikaren Odd Lovoll, som vil fortelja om den norske utvandringa etter 1945. Lovoll har forska mykje på skandinavisk migrasjon og vart i 2011 tildelt Fritt Ords honnørpris.

Eit anna interessant førdrag står mangeårig journalist i Bergens Tidende, Eva Røyane bak. Ho vil visa film og fortelja om «Amerika-onklane» sine.

Prøv gatekunst

I emigranthusa blir det naturlegvis også liv. Mellom anna kan ein prøva seg på gatekunst (streetart) med Rune Svendsen, mangeårig graffiti- og gatekunstnar.

– Gatekunst og graffiti er ei av dei nyare impulsane me har fått frå den amerikanske kulturen som også er med å forandra gatebildet her heime, seier Åshild S. F. Thorsen, vikarierende



OPNINGSKONSERT: Mari Kvien Brunvoll og Stein Urheim opnar festivalen i Emigrantkyrkja med bluesinspirerte låtar med innslag av jazz, folk og pop (Foto:Privat)

avdelingsleiar ved utvandrings-senteret.

Laurdag kan ein også få tatt «Amerikabilde», skyta med pil og boge, møta flinthoggaren og mykje meir.

– Det blir aktivitetar for heile familien, seier Thorsen.

99. Bataljon

Gjennom festivalhelga kan ein også få nærare kjennskap til 99. Bataljon, som mellom anna har vorte kjent gjennom NRK den siste tida. Utvandringsenteret opna i fjor ei eiga utstilling om bataljonen og veteranen John Pettersen. I år vil det også bli

demonstrasjon av køyretøy som vart nytta av bataljonen under andre verdskrig.

Taus og Aarebrot

Under bankettmiddagen på samfunnshuset på Sletta om kvelden, står ingen ringare enn Frank Aarebrot for festtalen. Underhaldninga står vokalgruppa Taus for.

Søndagen startar med norskamerikansk gudsteneste og omvising på senteret etterpå.

Vil ein oppleve endå meir denne dagen, kan ein ta veteranbåten Oster til Sletta.



FESTTALAR: Frank Aarebrot skal vera festtalar under bankettmiddagen laurdag kveld. (Foto: Guri G. Oppegaard)

PONDUS




NOROM BRUNÆ

Kor er den beste badeplassen du veit om?



Yvonne Kvalheim

- Eg likar best å bada på Hjelmås.




Sven Erik og Preben Drott

- Ved hytta på Mjelneset er det veldig fint å bada.



Hanna og Ida Polden

- Vannkanten Badeland! Men me skal snart til Kristiansand, og der er det òg veldig kjekt.



Hedvig Sveen Mjøs og Ingrid Låstad

- Den beste badeplassen er på Seim!